



AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Svar på spørsmål om ny vurdering i fire dispensasjonar i Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 25.07.23. Kommunestyret i Austrheim kommune ber Statsforvaltaren i Vestland om å gjere om vedtaka i fire saker som vi har klaga på.

Kommunen viser til fire saker:

1. Flytebryggje på gbnr. 166/1 – Vestre Sævrøy (saksnr. 100/21)
2. Riving av notbu og oppføring av fritidsleilegheiter på gbnr. 132/9 – Utkilen (saksnr. 054/22)
3. Flytebryggje på gbnr. 134/2 – Straumstad (saksnr. 086/22)
4. Deling og oppføring av naust på gbnr. 139/7 – Solend (115/22)

Sakene det gjeld er alle omgjort av Kommunal og distriktsdepartementet v/ Statsforvaltaren i Rogaland. Statsforvaltaren i Vestland har ikkje gjort vedtak i sakene, og har ikkje myndigheit til å gjere om vedtaka.

Vi registrerer at vi har hatt på høyring ein revidert søknad om flytebrygge på ein av eigedomane (166/1). Denne vil vi vurdere om han kjem til oss til klagevurdering.

Kommunen uttrykker elles i brevet stor frustrasjon over Statsforvaltaren sin praksis for å klage på dispensasjonar kommunen gir til tiltak i strandsona, og inviterer også statsforvaltar Liv Signe Navarsete til synfaring i Austrheim kommune. Statsforvaltaren meiner det er viktig at vi har ein god dialog i desse sakene, og vil ta kontakt med kommunen om eit møte om dispensasjonar i sone 3, i strandsona.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent